

## Møteprotokoll

---

|                  |                     |
|------------------|---------------------|
| <b>Utval:</b>    | Viltutval           |
| <b>Møtestad:</b> | Midlertidig tinghus |
| <b>Dato:</b>     | 13.05.2026          |
| <b>Tid:</b>      | Kl. 15:00 - 16:30   |

---

### **Følgande medlemmer møtte    Parti**

Alf Ove Birkenes  
Ane Sandal Solberg  
Anette Lauareid Hovda  
Anne Karin Opheim Rognøy  
Eivind Frette

Møteleiar: Eivind Frette

Merknader til innkallinga: Ingen

Merknader til sakslista: Ingen

Til å skriva under møteboka saman med leiaren vart valde: Ane Sandal Solberg og Anette Lauareid hovda

## Sakliste

### Sak nr.

005/26

006/26

### Sakstittel

Kvotefri jakt på hjortekalv 2026

Søknad om dispensasjon frå minsteareal for hjort og rådyr 2026

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Da det er arealbrukskonflikter i Etne kommune mellom drift av landbruksareal og den store hjortestamma vedtar Viltutvalet å søke om fri kalveavskyting for hjortejakta 2026.

**13.05.2026 Viltutval**

**Behandling**

**VIL - 005/26 Vedtak**

**4 røysta for og 1 røysta mot**

Da det er arealbrukskonflikter i Etne kommune mellom drift av landbruksareal og den store hjortestamma vedtar Viltutvalet å søke om fri kalveavskyting for hjortejakta 2026.

006/26 Søkna om dispensasjon frå minsteareal for hjort og rådyr 2026

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

**RÅDYR:**

Alle vald som har søkt om dispensasjon frå minstearealet for rådyr i 2026 får dispensasjon frå minstearealet innanfor ei grense på 50 %. Rådyrstamma er aukande og gjer skade på grasavling og rundballar.

**HJORT:**

Hjort er det hjorteviltet som påfører mest ulempe og tap for skog og grasavling i Etne kommune. Det er difor viktig å oppretthalde høg avskyting slik at skadane ikkje blir større.

Vald som i 2025 hadde mellom 90 til 100 % avskyting av tildelte hjort og har søkt om dispensasjon frå minstearealet får innvilga inntil 50 %.

Vald som i 2025 hadde mellom 80 til 90 % avskyting av tildelte hjort og som har søkt om dispensasjon frå minstearealet får innvilga inntil 30 % dispensasjon frå minstearealet.

Fordeling av tildelte fellingsløyve på kjønn og alder skal vere i tråd med ny forvaltningsplan for hjort med 35 % kalv, 35 % vaksne hodyr, 15 % vaksne hanndyr og 15 % spissbukk rekna over ein tidsperiode på 7 år.

Søknadane er vurdert etter hjorteviltforskrifta og naturmangfaldlova. Det er klagerett på vedtaket, klagefrist er 3 veker frå søkjar får vedtaket i hende og klage skal sendast til Etne kommune

### **13.05.2026 Viltutval**

#### **Behandling**

Auestad hjorteviltvald ved Leif Bjarte Halleland søkte den 29.04.2026 i ein e-post som ikkje kom fram til kommunen, om dispensasjon frå minsteareal for felling av hjort og rådyr. Dette pga. stor beiteskade på innmark, gjerder og frukttre. Søknaden vart ettersendt og mottatt av kommunen den 13.05.2026.

Det er søkt om godkjenning av to nye vald, Bjørgo og Veste. Søknaden frå Veste er nemnt i saksutgreiinga, men ikkje søknaden frå Bjørgo. Viltutvalet vil bli kalla inn i eit nytt møte i slutten av mai for å handsame søknadane frå dei. Sørstranda hjorteviltvald mister som følgje av dette areal og vil måtte sende inn søknad om godkjenning av endring.

Viltutvalet var i møtet samde om at fordi dei nye valda manglar statistikk for felling av hjort og rådyr skal dei ikkje få dispensasjon frå minsteareal.

#### **VIL - 006/26 Vedtak**

##### **Samrøystes**

##### **RÅDYR:**

Alle vald som har søkt om dispensasjon frå minstearealet for rådyr i 2026 får dispensasjon frå minstearealet innanfor ei grense på 50 %. Rådyrstamma er aukande og gjer skade på grasavling og rundballar.

##### **HJORT:**

Hjort er det hjorteviltet som påfører mest ulempe og tap for skog og grasavling i Etne kommune. Det er difor viktig å oppretthalde høg avskyting slik at skadane ikkje blir større.

Vald som i 2025 hadde mellom 90 til 100 % avskyting av tildelte hjort og har søkt om dispensasjon frå minstearealet får innvilga inntil 50 %.

Vald som i 2025 hadde mellom 80 til 90 % avskyting av tildelte hjort og som har søkt om dispensasjon frå minstearealet får innvilga inntil 30 % dispensasjon frå minstearealet.

Fordeling av tildelte fellingsløyve på kjønn og alder skal vere i tråd med ny forvaltningsplan for hjort med 35 % kalv, 35 % vaksne hodyr, 15 % vaksne hanndyr og 15 % spissbukk rekna over ein tidsperiode på 7 år.

Dei nye valda manglar statistikk for felling av hjort og rådyr og får ikkje dispensasjon frå minsteareal.

Søknadane er vurdert etter hjorteviltforskrifta og naturmangfaldlova. Det er klagerett på vedtaket, klagefrist er 3 veker frå søkjar får vedtaket i hende og klage skal sendast til Etne kommune